



Kyrkje- helsing

Kyrkjelydsblad
for Osterøy
Desember 2001



Teikna av Kjersti Lillejord,
6. kl. v/Tysse skule

Ved.
Olav Meltvik



Manntal

I dette nr. kan du m.a. lesa juleandakt v/ Johannes Melve. Du kan lesa "Min julesalme." v/ 5 ostringar. Asbjørn Askeland har skrive "Juleminne frå farne tider". Berta Jorunn Vikesund skriv om "Gull, Røykjelse og Myrra" Øyvind Vevle referar frå vedkjenningskonferansen i Bergen 27 – 28 oktober.

Han referar og frå eit møte i Haus kyrkjelydshus om rusgifter og gruppepress.

Du kan og finna namna på medlemane i dei nye sokneråda. Bilete av 50 års-konfirmantane. Og vinnarar i Hosanger Kyrkjeforeining si utloddning.

I år vil de og finna ei barneside. Og du kan lesa om kjendisbesøk i Haus.

Me har nyleg vore med i ei landsomfattande folke og bustadteljing. Her i landet har det vore slike teljingar frå 1769. Slike folketeljingar har gjeve og kjem til å gjeva viktig informasjon til historiebøkene.

Tankane går til starten på vår tidsrekning, då keisar Augustus lyste ut at det skulle takast manntal over "heile verda". "Då for alle heim kvar til sin by, og skulle skriva seg i manntalet". Dei måtte skriva seg der dei ætta frå. Dette førte til at herberga vart fulle, og det vart vanskeleg å få husrom. Jesus, verda sin Frelsar vart fødd i stall for det var ikkje rom til dei i herbyrget. Kan henda ville det også i våre dagar vorte trøngt om husrom om alle laut samla seg dit dei ættar frå, for å verta talde. Men det er enklare slik no. Me får tilsendt skjema, og svarar heime i vår eiga stova.

Mykle har endra seg. Det tok nærmare tusen år før folk i Noreg fekk kjennskap til Jesu fødsel. No får me hendingar frå heile verda inn i stova når dei hender.

Og denne hausten er det helst svært

skremande hendingar me har fenge via TV-skjermen. Utruleg mykje vondskap og tap av uskuldige menneskeliv. Mange har sorg og sakn.

Men me bur i ein fredeleg krok av verda, og juleførebuinga er vel i gang som vanleg på denne tida. Om alle slapp å reisa til heimstaden for å vera med i folketeljinga, så er det mange som finn vegen heim til jul. Og det er ei fin høgtid å samlast til. Så lat oss med glede ta i mot dei som kjem heim til jul. Men me må ikkje gløyma kvifor me held julehøgtid. I alt førebuingasarbeid framfor julehelga er det så mykje å tenkja på. Når alt så er på plass, lat oss då verta fyllte med glede over at Gud sende son sin til verda for at han skulle verta vår Frelsar.

Så enkelt og stille kom Gud til vår jord.

Så høgt er eg elskar av Jesus min bror.

*Han kom frå Guds himmel, Gud sjølv
var han lik,*

Men Jesus blei fattig, og eg er blitt rik.

*Redaksjonen ynskjer alle ei velsigna
julehelg.*



Jolerosa

Jola er mange bilete, mange lukter og smakar som me tykkjer høyrer saman med jol. Eitt av desse biletene er Rosa. Jolesongen "Det hev ei rose sprunge" er velkjend. Ein annan jolesong er "Den yndigste rose er funnet, bland stivesete torner opprunnet", skriven av "jola sin salmediktar" H. A. Brorson. For nokre år sidan gav Sondre Bratland ut ei plate med namnet: Rosa frå Betlehem. Og rosa er Jesus. Rosa som veks på klungerbuska kan vera eit godt biletet å ta med inn i høgtida. Rosa er brukt for å symbolisera kjærleiken, den finaste og beste kjærleiken som finst.

For oss har dette året vore eit år med mykje sorg og tåre. Det har vore godt at mange i kyrkjelydane har vore med oss i sorga. Slik varmar! Og difor vil eg bruka rosa som eit bilet på det jola gjev oss. Me har kjent kor klungeren har rispa og stukke. Såret og saknet kjenner me heile tida. Likevel eig me rosa, Jesus, som er komen til oss med von og liv. Jola er ikkje tida for roser her i landet, men i våre dagar er det ikkje vanskeleg å sjå og få rosar i jola og. Rosa er biletet på det finaste som finst. Rosa er biletet på kjærleiken som er den beste i verda. Me kjenner det slik at me har fått både stikk og sår av klungeren, men me har likevel det beste av alt, Guds gavne til oss. Rosa er verd såra.

Diktaren H.C. Andersen har eit fint eventyr om Verdens dejligste Rose. Her møter me mange fine roser i form av kjærleik som er rein og stor etter våre mål. Likevel var ikkje desse rosene og denne kjærleiken god nok til å få namnet Verdens dejligste Rose. Då las dei om Jesu kjærleik på krossen då han gav livet for å frelsa oss. Der møtte dei verdens dejligste rose, kjærleiken frå Jesu kross. Og den kjærleiken møter me i jola, den kjærleik himmelhøg og stor som drog deg til vår arme jord, som Brorson syng om i ein av sine jolesalmar. Jolebodskapen er ikkje eventyr. For H.C. Andersen var Jesu kjærleik eit bilet på den beste kjærleiken me menneske har møtt. I jola høyrer me at Ordet (Jesus) tok bustad mellom oss. Gud kjem til oss i Jesus, og difor kallar me jolebodskapen for gledeboden i dag og. Det som hende i Betlehem for 2000 år sidan, gjev oss håp og trøyst i dag og. Trua på Jesus vaks fram av bodskapen jola ber bod om. Jola er ikkje berre tida for stemning og varme kjensler, jola står i samanheng med heile den kristne bodskapen, med påske og pinse. Klungeren kan nok stikka og riva, men han ber den finaste rosa likevel.

Jolehelsinga dette året er at me har ei rose i trua på Jesus. Den trua held oss fast, ho ber gjennom tøffe tider. Me vil gjerna dela denne rosa med alle som les desse orda. Me har fått mange blomar, og me vil gje den finaste blomen vidare. Jesus er Frelsaren som er i verda framleis. Difor vil me ynskja alle ein god jolefest!

Johannes Melve

ADRESSELISTE FOR KYRKJELEG FELLESRÅD OSTERØY PRESTEGJELD

Kyrkjeleg fellesråd;

Leiar: Norvald Vedå
Nestleiar: Oddmund Vevle
Johannes Melve
Wenche Fiskeseth
Gyda Tveiten Lewis
Tor Lone
Alf R. Kallestein
Enni Revheim
Oddvar Hannisdal

Soknerådsleiarar;

Bruvik: Wenche Fiskeseth
Haus: Marit Skjeldal
Gjerstad: Roald Hauge
Hosanger: Sturle Litland
Hamre: Brit Vevle Raknes

Prestane:

Sokneprest Johannes Melve
tlf: 56 39 00 11 (prestebustad)
Kapelan Brigt S. Skeie
tlf: 56 39 31 00 (prestebustad)
Trefftider på kyrkjekontoret:
Tysdag 9-14, onsdag 9-12 og fredag 9-14.

Organistane:

Liv Skoglund tlf: 56 39 26 64
(heime).
Kåre Rivenes, tlf. 56 39 06 26
(heime).

Kyrkjekontoret

(tidl. lensmannskont.)

Direkte innval:

D.L. Kristen Stang:	56 19 22 71
Sek. Mikal Toska:	56 19 22 72
S.p. Johannes Melve	56 19 22 82
Kap. Brigt S. Skeie	56 19 22 83
Kan. Kåre Rivenes	56 19 22 85
Org. Liv Skoglund	56 19 22 84

Redaksjonsnemnda:

Olav Meltvik, redaktør

Kristen Stang

Sokneprest Melve

Øyvind Vevle

Utforming:

Ostringen Reklame

Min julesalme

ved Olav Meltvik

Også i år har me stilt tre
spørsmål om julesalmar til ein
person i kvar kyrkjesokn.

Her er spørsmåla:

1. Kva for ein julesalme lika du best den tida då du var barn ?
2. Kva var det som gjorde at du vart glad i nett denne julesalmen ?
3. Likar du framleis å syngja denne julesalmen eller det ein annan du likar betre no ?

Osvald Fossdal fra
Gjerstad sokn :

1. Brorsons salmen : Mitt hjerte alltid vanker i Jesu føderum, er den julesalmen eg likte best då eg var barn.

2. Det som gjorde at eg vart glad i nett denne julesalmen var at kvar julafatkveld ved middagsbordet (lutfisk) las far juleevangeliet, og så song me denne julesalmen.

4. Eg likar framleis å syngja denne julesalmen. Me syng den kvar julaftan ved middagsbordet heime hjå oss. Det 4. verset er ei personleg bøn frå meg :

Å kom jeg opp vil lukke mitt hjerte og mitt sinn, og full av lengsel sukke.

Kom Jesus dog herinn. Det er ei fremmed bolig, du har den selv jo kjøpt så skal du blive trolig her i mitt hjerte svøpt.

Rigmor Vedå, Hamre sokn :

1. Som barn var eg svært glad i mange julesalmar. Eg likte å syngja mange vers når me gjekk rundt juletreet. Men ein salme eg likte spesielt godt var :" Nå vandrer fra hver en verdenskrok i

ånden frem. Et uoverskuelig pilgrimstog mot Betlehem
2. Då eg gjekk i barneskulen skulle klassen min syngja i kyrkja på julaftan. Me måtte difor kunna alle versa utanatt, og me øvde mykje, hugsar eg. Kanskje dette arbeidet med salmen opna augo mine for innhaldet og bodskapen ?
3. Eg synest " Nå vandrer fra hver en verdenskrok ..." framleis høyrer med til jula. Eg syng ekstra godt med i denne salmen. Kvart år ser eg for meg mange på vandring mot Betlehem til barnet i krybba. Både for store og små er det viktig å finna Han som er sentrum i jula, og som me feirar jul for !

Kjell Bjørsvik, Haus sokn :

1. Det var nok den velkjente songen "Eg er så glad kvar jolekveld" som stod høgst i kurs då eg var barn.
2. Grunnen var at me song denne kvar julekveld i stova heime før far las juleevangeliet. Med pinnakjøt på bordet og julegåver under treet, innevarsla songen at jula verkeleg var komen i år også !
3. Tradisjonen frå barneåra held vi på framleis, og då er også denne songen med.

Men etter meir enn 20 år i den kristne folkehøgskulen, har eg vorte spesielt glad i ein song som i svensk språkdrakt stod så sterkt i det miljøet, nemleg " O helga natt" med tekst av franskmannen Placide Clappeau, og mektig tone av den meir berømte Adolphe Charles Adam. Songen har fått ein spesiell status gjennom framføringa av dei svenske storsongarane Jussi Björling og seinare Arthur Erikson.

Otto Mo, Bruvik sokn :

1. Det er ikkje lett å bestemma seg, for her kunne eg sikkert nemnt mange jule salmar. Valget er . "Eg er så glad kvar julekveld ".
2. Det var jul då me song den heime i førjulstida, og endeleg julafta. Då eg byrja på skulen, vart den alltid sunge til juleferien. Det var julestemning. Eg gløymer aldri juletrefestane før i tida heller. Det var denne salme som vart mest sunge då også.
3. Ja, den er framleis ein av dei eg likar. Då minnest eg julehøgtida frå barndomen.

Ragnhild Hanstvedt, Hosanger sokn:

1. Eg har fleire julesalmar som eg likar godt, og som det knyter seg gode minner til. Då eg var barn, song me alltid mange på julaftan. Etter at far hadde lese juleevangeliet gjekk me rundt juletreet. Eg hugsar godt at me song: " Eg er so glad kvar julekveld. Spesielt femte verset. "Ho mor ho kveikjer alle ljós, dei skin i kvar ei krå, for heile verda seier ho, skal julestjerna sjå. Når mor mi kveikte dei små kvite stearinlysa i klypene på juletreet, ja då var det jul og høgtid i stova.
2. Elles var julefestane i det store kvite bedehuset som stod ved Herlandsvatnet, det heilt store for oss borna i jula. Når det gamle orglet stemte i med " Eit barn er født i Betlehem", ja, då gjekk me rundt treet og song so det ljoma i taket.
3. Etter at eg vart vaksen, har eg fått eit spesielt forhold til " Det lyser i stille grender, av tindrande ljós i kveld, og tusende barne-

hender mot himmelen ljosa held.
Denne forbind eg med juleavslutninga på arbeidsstova for borna i Mjøsdalen. Då gjekk me på Hosangerheimen med juledekora-sjonar som borna hadde laga til dei eldre, og dei song tostemt "Det lyser i stille grender" og sjølvsgatt mange fleire. Dette er ljose og gode minner. Fredsam julehelg.



Vinnrar av Hosanger Kyrkje-foreining sine loddbøker.

26.09. 2001.


Gevinstnr.	Gevinst
1	Brodert bilde
2	Gardinkappe m/ hekla kant
3	Brodert juletrætteppe
4	Barnegensar
5	Løpar i Hardangersaum
6	Strikka teppe
7	Brodert løpar
8	Brodert pyntehandduk
9	Barnegensar og leistar
10	Hekla pute
11	Strikka babysett
12	2 brikker m/heklakant
13	Strikka handkle m/ såpe
14	Barneoverall
15	Akvarell
16	Gryteklturar og kaffi
17	Strikka leistar
18	Strikka babyjakke
19	Strikka barnegensar
20	Barneoverall
21	6 koppar
22	Brikke og brikkeselar
23	Handduk og toalettskilt
24	Handduk og blomsterpotter
25	Glasskål
26	Handduk og bok
27	Handduk og såpe
28	2 lysestakar
29	Løpar i Hardangersaum
30	Glas
31	Strikka leistar
32	Strikka leistar
33	Strikka leistar
34	Babysokkar
35	Middag for 2 på Fjordslottet

Takk til alle som støtta oss med gaver og loddkjøp.

Hosanger 26. 09. 2001.

Solfrid T. Bardsley Gunnel Tveiten

Vinnar
Anna Hoshovde, Hosanger
Øystein Veseth, Lonevåg
Alf Hanstvedt, Fotlandsvåg
Anne-Britt Bjørk
Inger og Hans Fevang
Gunhild Solheim Mjøs, Hosanger
Kari Hauge ,Lonevåg
Gyda og Alwin Lewis, Hosanger
Anni Bjørg Hagebø, Fotlandsvåg
Marit Svensson, Tyssebotnen
Kjell Nilssen, Tyssebotnen
Guro Fossdal, Fotlandsvåg
Jenny Litland, Bysheim
Gunnar Mjøs, Hosanger
Aslaug Lønsethagen, Hosanger
Beate M. Bernes
Solfrid T. Bardsley, Fotlandsvåg
Filip Bardsley, Fotlandsvåg
Fam. Bård Hole, Hosanger
Fam. Noralf Hanstvedt, Fotlandsvåg
Line Raknes, Raknesvåg
Mathias Balestrand, Bysheim
Tyrone Barlow-Viggin, Tyssebotnen
Gunhild og Mikal Mjøs, Hosanger
Geir Johannessen, Rådhuset
Fam. Carl Gunnar Nesheim, Fotl. våg
Anna Hoshovde ,Hosanger
Marit Raknes Tepstad, Bysheim
Inger og Hans Fevang
Aasmund Tveiten, Hosanger
Eimund og Einbjørg Vikesund, Hos.
Anne Marie Rød
Per Forthun, Hosanger
Kari L. Mjøs, Hosanger
Emma Veronica Birkeland, Fotl. våg



Noko av innhaldet i neste nr. av Kyrkjehelsing:

Når det gjeld planlegging av prrestehuset på Hamre, så er dette i gong. For å sitere soknerådsleiar Norvald Vedå som på ei samling for ikkje lenge sidan uttalte:

- Den vindan som no ei tid har blåst frå Hamre når det gjeld interesse for busetjing, kyrkje og kultur, ser no ut til å vera i ferd med å snu!

Juleminne frå farne tider

v/Asbjørn Askeland

**Jørgen Moe har i si tid skrive
desse versa om julekvelden.
Eg siterer dei her av di dei
samsvarar godt med mine
barndomsopplevelingar av jul
og høgtid :**

*Til den gamle simple stuen vil min
tanke gjerne gå.*

*Ilden spraker høyt på gruen, røken
stiger lett og blå.*

*Og det lange furubord hvitt er
skuret alt av mor ;
gulvet sopet er til festen, strødd med
brisk for himmeljesten,*

*Godt jeg minnes alt som hendte på
den kjære julekveld,
lysene som faster tente, og det
blanke kobberstell.*

*Hjertet barnlig var og bløtt, sang
«En frelser er oss født»,
tenkte bak de lune vegger : «I en
stall de Herren legger».*

*Og var julegrøten ferdig og vi satt
om glade bord
reiste far seg opp og verdig leste
høyt om englers kor.
Og jeg syntes at jeg så lyse stråler
frå det blå,
og jeg hørte ganske nære skarens :
«Fred» og «ære være» !*

Me er komen til adventstid og
juleførebuingar, og tankane går
attende til mi barndoms jul heime
hjå mor og far og ein stor
søskenflokk.

Det var tronge kår kanskje, men me
fikk likevel alt me eigentleg trong
kvar dag. Med gardsdrift og
heimeindustri var der sysler nok til
kvar arbeidshand, både stor og lita.
Kalde vinterdagar med mykje snø
køyrd me stundom vatn til både
hus og flor med hest og slede, for
vintrane i vår oppvekst var mykje
striare enn i seinare tider. Traktoren
var heller ikkje komen i tunet, den
gongen - .

Juleførebuinga tok faktisk først til i
skulen. Me gjekk berre annakvar
dag den tida og var heldige som
hadde gardsarbeid som meire
praktisk-retta «undervisning». På
skulen hadde me ein dugande lærar,
som øvde inn mange songar med
oss.

Når der også var mykje song i
heimen kunne me dei fleste
julesongane utanatt.

Juleførebuinga starta alt i slaktetida
om hausten, der rullepølsjer og kurv
blei salta og hengt til tørk på
utelemmen. Griseslakt med
sylteflesk kom nærare jula, der mor
la sylteflesket i saltlake og sette det
kaldt i kjellaren i mangel av frysar.
Slik held det seg friskt og smakfullt
i lang tid. Smaleribbene blei salta
og tørka, men julaftan var det
lutefisk som stod på menyen.
Pinnekjøtet kom på bordet første
juledag.

Julekvelden las far juleevangeliet
med stø røyst og der var rikeleg
med song både ved bordet og kring
juletreet heime i stova. Mor sine
kvite blondegardiner var med å gje
ekstra festglans. Under treet var der

pakker, men sjeldan meire enn ei til
kvar. Stundom fekk me fellespakker
frå snille tanter, ofte Ludo eller
andre spel som var til felles glede.
Bestemor og bestefar kom på vitjing
ein kveld oppunder jul, så lenge dei
orka det, og då vanka det alltid
noko kjekt og spanande.

Julaftan fekk me vera lenge oppe.
Men juledag bar det likevel til Haus
kyrkje til høgmesse, der det var
mykje folk samla. Frå vår heim
måtte me gå heile vegen og brukta
ca. ein klokketime kvar veg. Det var
god jule-trim.
Juledagen var høgtidsam i kyrkja :
Juleevangelium, salmesong og
orgelbrus fylte kyrkjerommet.
Mektig lydde songen : «Eg syngjer
jolekvad, eg er så glad, så glad.»

Okkupasjonsåra 1940 - 45 var ei
vond tid. Julefeiringa bar og merke
av dette.

Matrasjonering og lite utval av
mjølsortar greidde likevel ikkje å
stenga juleleda ute, i alle fall ikkje
hjå oss borna. Freden kom mai-
dagane 1945 med stor jubel.

Men fred i verda greier menneska
enno ikkje å overhalde.
Terroraksjonar siste haust, med
påfølgjande krig skrämer oss
alvorleg.

I Norsk Salmebok nr. 268 syng me :
«Gud er Gud, om alle land lå øde,
Gud er Gud om alle mann var døde.
Om slekter svimler - blant
stjernestimler i høye himler utallig
vrimler Guds grøde.»

Gull; Røykjelse og Myrra


v/ Berta Jorunn Vikesund

"Så opna dei skrina sine og bar fram gåver til barnet: gull, røykjelse og myrra."

Matt.2. 11 b. Eg har ofte tenkt at dette var litt av nokre gåver å ta med seg til eit nyfødd barn; kva skulle Jesus med dette ? Maria og Josef hadde nok sett pris på at vesleguten fekk noko meir nyttig ...

Men så har eg seinare forstått at gåvene slett ikkje var så dumme... Tradisjonen fortel oss nemleg at gull var gåva for ein konge ! I det gamle Israel var kongen Guds representant på jord. Han skulle oppretthalde lov og rett og hjelpe menneska til å leve i eit rett forhold til Gud. Boda me har fått er gode og gjeve for å verne oss frå det som kan skade oss. Israel hadde også därlege kongar, men Jesus er ein god konge. Han brukar ikkje makta si til å knuse nokon, men møter oss med nåde der vi fortener straff. Han herskar med godheit, og det får eg erfare ved å leve nær han. Når eg feilar, oppmuntrar han meg til å gå vidare og prøve på nyt.

Røykjelse er eit godluktande stoff som vert nytta i katolske gudstenester den dag i dag. Det symboliserar dei truande sine bøner og vert brend til ære for



Gud. Jesus vert kalla øvstpresten som alltid går i forbøn for oss. Samstundes er gåva ei erkjenning av at Jesus faktisk er Gud, då han er mottakaren !

Myrra er kvae frå myrrabusken og vart nytta i salver og oljer. Salving skjedde i samband med innsetjing av kongar til vigslig av tenesta deira. Jesu gjerning var å oppfylle profetiane og såleis gjere Guds lovnader sanne. Vi veit at dette innebar å døy på krossen for å sona syndene våre. Dei brukar også å salve døde menneske. Då Jesus var død, kom ein mann som heitte Nikodemus for å salve Jesu lekam. Han brukar myrra-salve. Denne gåva Jesus fekk då han vart fødd, var også den som peika fram mot at han skulle døy; han

var eit døyeleg menneske.

Menneske... Jesus var jo faktisk både Gud og menneske ! Eg kan ikkje skjøne dette fullt ut, men det seier meg noko om at Jesus veit korleis det er å leve. Han veit kva som møter meg og kva eg strevar med. Ved at Gud kom til jorda, veit eg at han bryr seg om meg.


Gull, røykjelse og myrra; det er slett ikkje dumme gåver ! Dei fortel om kven barnet i krubba verkeleg var; konge, Gud og menneske. Det er dette eg trur på, det er dette eg erfarar. Dette skal eg få feire !

Gledeleg jul !




BARNESIDA

Teikn Jesusbarnet i krubba.



Der låg han med høy til pute
og gret på si ringe seng.
Men englane song der ute
på Betlehems aude eng.

Løys kryssordet





50-årskonfirmantane i Haus 2. sept. 1. rad fra v: Alfred Stokke, Elsa Klara Blomberg Dolsafer, Lilly Ingeborg Romslo Opedal, sokneprest Johannes Melve, Astrid Askeland og Gunnar Thunestvedt. 2. rad fra v: Henry Litlangen, Sigmund Mjelde, Ingvald Ådland, Kåre Anton Herfindal, Magne Inge Takvam og Inge Sigbjørn Skulstad.



50-årskonfirmantar i Gjerstad: 1. rad fra v. Lilly Skjerping Svenheim, Målfrid Kallekleiv Venøy, Brigt S. Skeie, Eldbjørg Natland Hjelmås, Signe Fossdal Havre. 2. rad fra v. Bjørg Lilly Sekseide, Ingrid M. Gjerstad Byrknes, Ingebjørg Midttun Stokkenes, Solveig L. Hauge Vevle, Asgerd Hovden Lohne, Inga Lone Vedå, Berit Birkeli Stegen. 3. rad fra v. Judith Nordpoll Mjøss, Oddbjørg Solberg Hartveit, Olav A. Njåstad, Markvard Revheim, Astrid Hannisdal Kristiansen, Borghild Lidtn Midttun. 4. rad fra v. Nils Halland, Reidar Vevle, Tormod Mjelde, Arne Lone, Magne Teigland, Arne Bjørndal, Ola Småland. (FOTO : Rune Solberg)



50-årskonfirmantar i Hamre. 1. rad frå v. Olga Flatøy Markhus, Liv Nystrand, Brigt S. Skeie, Irene Mjelde Vatle, Gunn B. Dyrdal Bryn. 2. rad frå v. Jorunn A. Brakvatne Myhre, Anna Rundhovde, Gunnar Raknes, Astor K. Reigstad, Gerd B. H. Matre, Harald Hårklaau, Hans Å. Fyllingsnes, Adolf B. Fyllingen. 3. rad frå v. Åsmund Raknes, Kaspar S. Hansen, Erling Raknes, Einar Mosevoll, Håkon Hagesæter, Terje G. Lidsheim, Ole J. Faugstad. (FOTO : Rune Solberg)



50-årskonfirmantar i Hosanger. 1. rad frå v. Jorun M. Hartveit, Brigt Sigve Skeie, Helga Hanstveit Hjellvik. 2. rad frå v. Bjørg Hole Øfsthus, Asbjørn Padøy, Olav M. Kallekleiv, Bjarne N. Hagustveit, Berit Røslund. 3. rad frå v. Kjell Grinde, John Eide, Kjell A. Drangevåg, Birgen J. Eknes. (FOTO : Rune Solberg)



Velkommen til kyrkja

KYRKJESKYSS

For dei som ynskjer å koma til kyrkje, men har problem med skyss, er det mogleg å ringja til ein av desse:

Roald Hauge	tlf: 56 39 45 07
Astrid Mæle	tlf: 56 39 02 06
Marta Gjerstad	tlf: 56 39 20 31
Turid Njåstad	tlf: 56 39 24 59

Ver ikkje redd for å ta kontakt. Me ynskjer at folk kjem til kyrkje, og tykjer det er leitt at skyssen skal vera eit hinder. Om ikkje dei oppsette personane køyrer sjølv, får dei andre til å gjera det.

Marta Gjerstad

Kyrkjesskyss til Haus kyrkje

Desse personane kan kontaktast pr. telefon:
 Berit Torp 56 39 03 59
 Bjarte Mjelde 56 39 04 64
 Einar Johnny Selvik 56 39 43 37
 Inger Margrethe Litland 56 39 01 17

Kyrkjesskyss
til Hosanger
frå Tysse,
ring
Olav Meltvik,
tlf. 56 39 52 27.

Dåp

Det høver med dåp desse dagane:

Haus 25/12 og 3/2,
Gjerstad 26/12 og 27/1,
Hamre 25/12 og 10/2,
Hosanger 26/12 og 3/2 og
Bruvik 20/1.

Gudstenester

9.desember 2.sundag i advent. Luk.12,25-40

Hosanger kl.11.00. Familiegudsteneste. Skeie. Presentasjon av det nye soknerådet. Takkoffer til Osterøy sundagsskulelag.

Haus kl.19.00. Ljosmesse. Melve. Konfirmantane deltek. Takkoffer til Normisjon.

16.desember 3.sundag i advent.Matt.11,11-19

Bruvik kl.17.00. Ljosmesse og jolekonsert. Konfirmantane og Haus musikklag deltek.

Hamre kl.11.00. Høgmesse. Skeie. Nattverd.

23. desember 4.sundag i advent.Joh.3,26-30

Tysse bedehus kl.11.00. Gudsteneste. Kallestein.

24.desember Jolaftan. Luk.2,1-14.

Bruvik kl.12.30. Familiegudsteneste. Melve. Takkoffer til Kirkens nødhjelp.

Hosanger kl.14.30. Familiegudsteneste. Skeie. Takkoffer til Kirkens nødhjelp. Fotlandsvåg musikkspelar

Gjerstad kl.14.30. Familiegudsteneste. Melve. Takkoffer til Kirkens nødhjelp.

Hamre kl.16.00. Familiegudsteneste. Skeie. Takkoffer til Kirkens nødhjelp. Hamre/Hjelvik musikkspelar

Haus kl.16.00. Familiegudsteneste. Melve. Takkoffer til Kirkens nødhjelp. Haus musikkspelar.

25.desember Joledag. Joh.1,1-14.

Haus kl.11.00. Høgtidsgudsteneste. Melve. Nattverd. Takkoffer til NMS

Hamre kl.11.00. Høgtidsgudsteneste. Skeie. Takkoffer. Valestrand musikkspelar.

26.desember 2.joledag. Matt.23,34-39.

Gjerstad kl.11.00. Høgtidsgudsteneste. Melve. Dåp. Takkoffer til NMS.

Hosanger kl.11.00. Høgtidsgudsteneste. Skeie. Nattverd. Takkoffer til Menighetsfakultetet.

30.desember Sundag etter jol. Joh.1,16-18.

Bruvik kl.11.00. Høgmesse. Skeie. Nattverd. Takkoffer til NMS.

31. desember Nyårsaftan. Salme 139,23-24.

Hosanger kl.23.00. Midnattsmesse. Melve. Takkoffer til NKSS.

1.januar Nyårsdag. (Jesu namnedag) Matt.1,20b – 21.

Gjerstad kl.11.00. Høgmesse. Melve. Nattverd. Takkoffer til Menighetsfakultetet.

6.januar Kristi openberringsdag. Joh.8,12.

Hamre kl.11.00. Høgmesse. Melve. Nattverd. Takkoffer

Haus kl.16.30. Gudsteneste. Melve. Nattverd. Takkoffer

13.januar 1.sundag etter Kristi openberringsdag. Joh.1,29-34.

Gjerstad kl.11.00. Høgmesse. Skeie. Dåp. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Hosanger kl.11.00 Høgmesse. Gudstenesteleiar Kallestein. Takkoffer til Hjemmet for døve.

20.januar Vingardssundagen.1.Kor.3,4-11

Hamre kl.11.00. Høgmesse. Skeie. Takkoffer
Bruvik kl.11.00. Familiegudsteneste. Melve. Utdeling
av "Godt nytt " til 11åringane.
Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet.

27.januar Såmannssundagen. Mark.4,26-32.

Gjerstad kl.11.00. Familiegudsteneste. Melve. Utdeling av Bibelen til 11åringane.. Takkoffer til Bibelmisjonen.

3.februar Kristi forklæringsdag. Joh.17,1-8.

Haus kl.11.00. Familiegudsteneste. Melve. Utdeling av "Godt nytt" til 11åringane. Takkoffer til Bibelmisjonen.
Hosanger kl.16.00 Familiegudsteneste. Skeie. Utdeling av "Godt nytt "til 11åringane.Takkoffer til Bibelmisjonen.
Gjerstad kl.19.00. Lovsongskveld.

10.februar Fastelavnssundag. Joh.12,23-33.

Hamre kl.11.00. Familiegudsteneste. Skeie. Takkoffer
Bruvik kl.11.00. Høgmesse. Melve. Nattverd.
Takkoffer til Bibelmisjonen.

13.februar Oskeonsdag. Matt.6,16-18.

Haus kl.19.00. Fastegudsteneste. Melve. Nattverd.
Fastesuppe i kyrkjelydshuset etterpå. Årsmøte
i kyrkjelyden.

17.februar 1.sundag i faste. Efes.6,10-20.

Gjerstad kl.11.00. Høgmesse. Melve. Nattverd. Takkoffer til støtte for Europakonferanse for kristne sjukepleiarar.

Hosanger kl.11.00. Høgmesse. Skeie. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

24.februar 2.sundag i faste. Luk.7,36-50.

Hamre kl.11.00. Høgmesse. Melve. Nattverd. Takkoffer
Bruvik kl.16.30. Gudsteneste. Melve. Takkoffer til dei fire diakoniinstitusjonane.

3.mars 3.sundag i faste. Luk.4,31-37.

Haus kl.11.00. Høgmesse. Skeie. Nattverd. Takkoffer.
Gjerstad kl.19.00. Lovsongskveld.

Bibeldagen 2002

Sundag 27.januar 2002 er bibeldag over heile landet.

Såmannssundagen heiter denne sundagen som er bibeldag hjå oss, og såkornet er Guds ord.

Bibeldagen er det felleskristeleg samling i Sion, Bysheim kl.17.00.

Me ynskjer vel møtt til bibeldagssamling for heile Osterøy !

Julefest

for store og små Søn.

30. desember kl. 15.00

i Haus kyrkjelydshus.

Andakt v/kretssekretær

Nils Arne Lavik.

Juletregang

Leiker

Mat

Alle er hjarteleg

velkomne

Jolekonsertane

Haus 21.desember

kl.19.00.

Arr. Haus musikklag

Hamre 16.desember

kl..17.00.

Arr. Hamre musikklag

Hosanger 18.desember

kl.19.00 Arr. Fotlandsvåg
musikklag

Gjerstad 16.desember

kl.20.00.

Arr. Hauge songlag

Bruvik 16.desember

kl.17.00. Ljosmesse.
Haus musikklag spelar.

Konfirmasjonane

Våren 2002 vert

konfirmasjonane slik:

Hosanger 28/4

Haus 28/4

Gjerstad 5/5

Hamre 12/5

Bruvik 12/5



Familie-nytt



HAUS

Døpte:

02.09 Sander Mathias Eide
02.09 Marianne Feidje Mjelde
02.09 Solveig Torp Bell
23.09 Eivind Rivenes Johnsen
23.09 Kristian Holsen Sakstad
21.10 Adrian Løtveit Stokke
21.10 Sarah Solberg

Vigde:

06.10 Bjørn Hannisdal og
Wibecke Barnes
26.10 Gunnar Mjelde og
Ragnhild Mellesdal
09.11 Eivind Salvesen og
Ingunn Litangen

Gravlagde:

09.09 Torgeir Jeppesen (f.
1961) urne til Stavanger
10.10 Roy Magne Karlsen (f.
1962) gravlagd i Oslo

GJERSTAD

Døpte

21.10 Synne Riple Heradstveit
11.11 Morten Bakken Borge
11.11 Bjørg Nedreli

Vigde

29.09 Vidar Bjarne Lone og
Tatjana Hagebø
06.10 Trond Hagebø og Stina
Merete Sylta

Gravlagde:

21.09 Gunnvor Halland
(f. 1922)
19.10 Åslaug Binningsbø
(f. 1921)
01.11 Borghild Mathilda
Tyssebotn (f. 1911)
09.10 Kjellfrid J. Antun
(f. 1946)

BRUVIK

Gravlagde:

02.09 Emma Johanna Bjørnsen
(f. 1904) gravlagd i Nederland

MO KYRKJE

Døpte:

21.10 Jan Morten Hugnastad

HAMRE

Døpte:

16.09 Emilia Stamnes Villanger
16.09 Jonas Askildsen
Berentsen
21.10 Erica Hundhammer
Raknes

Vigde:

13.10 Ole Vindenes og Jannicke
Nymark

Gravlagde:

05.09 Olga Margit Daltveit
(f. 1917)
28.09 Harald Emil Jacobsen
(f. 1908)
30.10 Trygve Reigstad
(f. 1903)

HOSANGER

Døpte:

11.11 Victoria Siglevik Stigen

Vigde:

08.09 Trond Lillejord og Tone
Martinsen
27.10 Espen Foseid Aakre og
Therese Hystad Vigde i
Stord kyrkje.

Gravlagde:

12.10 Gunnar Johan Barnes
(f. 1912)
23.10 Einar Birkeland (f. 1915)
07.11 Betsy Barnes (f. 1909)



Leirer 2002

KVAMSSETER:

22-24 (evt. 25 og 26) februar Skiweekend
22-24 februar Nettverksleir
22-25 mars Påskeleir (5-7 klasse)

ALVÆRA:

18-20 februar
21-24 februar
22-25 mars

Barneleir (2-4 klasse)
Horisontleir (5-7 klasse)
Tenåringsleir

Jesus Kristus er Herre

Dette var temaet på ein vedkjenningskonferanse som ein del frie organisasjonar og institusjonar stod bak i Bergen helga 27. - 28. oktober.

Bakgrunnen for konferansen var det mange opplever som lærepluralisme i kyrkja. Det er ikkje Bibelen som er einaste rettesnor for lære og liv lenger, men haldningar i samfunnet som bryt med Guds ord, vert godtekne som legitime i kyrkja av biskopar, teologiske lærarar og deler av presteskapet. Me ser det særleg når det gjeld spørsmålet om homofilt partnarskap, men og i andre etiske spørsmål der leiarane i kyrkja er for varsame med å halda fram sanninga - eller kanskje underslår ho.

Avslutninga på konferansen var eit stormøte i ei fullsett Johanneskyrkje. Der tala professor Aksel Valen-Senstad over hovudtemaet. Det vart ei klår framheving av dei profetiske og apostoliske skriftene Bibelen) som einaste sanne kjelde til lære og liv, og det vart eit oppgjer med vrang lære og med dei biskopar og teologiske lærarar som forsvarar ho eller let vera å avsløra ho. Guds bod og formaningar fell aldri bort. Det indre, trua på Jesus, kan aldri skiljast frå det ytre, måten me lever på. Gjer ein det, vert resultatet det motsette av kristen etikk. Jesu person må vera utgangspunktet. Jesus er Herre, både i Skrifta, i den kristne kyrkja med si vedkjenning,

og i det kristne livet.

Konferansen munna ut i eit vedkjenningsskrift som den store lyden i kyrkja reiste seg og gav sin tilslutning. Me skal ta med nokre få avsnitt:

«Den kristne menighets eksistensberettigelse i verden og kulturen ligger i dens forkynnelse av Guds ord i lov og evangelium. En sann kristen kirke sier intet annet - verken mer eller mindre - enn hva Guds ord sier. Kirkens oppdrag består - som Jesus sier - i at «Dette evangeliet om riket skal bli forkjent over hele jorden til et vitnesbyrd for alle folkeslag, og så skal enden komme.» (Mt 24.14) Der kirkjen fortier eller forvrenger vitnesbyrdet i Guds ord, taper den sitt gudgitte mandat, mister Guds velsignelse, og blir fratatt Den hellige Ånd.

Enheten i Kristi kirke er grunnet i en rett forkynnelse av evangeliet, og ikke i menneskelige ordningar. For, står det skrevet: «Det er ett legeme og én ånd, -- én Herre, én tro og én dåp». (Ef. 4.4 ff). Det som splitter menigheten, er vrang lære som nekter klare sannheter i Guds ord. Guds folk har derfor befaling om å vise bort og ikke høre på eller ha noe samfunn med vranglærerne. (Rom. 16.17 f; Tit. 3.10 f) Dersom dette ikke skjer, blir kirkjen en løgnkirke som sidestiller sant og falskt og derved gir djevelen rom.

Det er bare den kirke som i troskap holder fast på Ordet og



bekjennelsen som har Kristi løfte; «Dødsrikets porter skal ikke få makt over den». (Mt. 16.18)

I samsvar med Jesu ord og løfte fremholder vi at det bare er sannheten slik Herren lærer oss den i sitt Ord, som kan gjøre menneskene frie. Jesus sier: «Dersom dere blir i mitt ord, da er dere i sannhet mine disipler. Og dere skal kjenne sannheten, og sannheten skal gjøre dere frie.» (Joh. 8.31 f)

Sammen med Guds folk gjennom alle tider og på alle steder vitner og bekjenner vi derfor at Den hellige skrift er den faste grunnvoll og klippe for vår tro og vårt liv og at «Jesus Kristus er vår Herre». Ham være æren i all evighet! Amen.

Tilskiparar av vedkjenningskonferansen: Bergen indremisjon, Nordhordland indremisjon, Midhordland indremisjon, Bibelskulen Bildøy, Normisjon-, Salem NLM-, Den indre sjømannsmisjonen -, Kristent interkulturelt arbeid-, Den norske Israelsmisjon-, Bergen søndagsskolekrets-, Det norske misjonsselskap-, Den norske Samemisjon- alle Bergen krets, FBB Bjørgvin, Den evangelisk lutherske Frikirke i Bergen, Danielsen skoler, Norsk lærerakademi VH/LH, Dagbladet Dagen og Strandebarm prosti.

Øyvind Vevle

Val av sokneråd for åra 2002 - 2005

BRUVIK:

Wenche Fiskeseth, 5285 Bruvik
Otto Mo, 5285 Bruvik
Erling D. Bruvik, 5285 Bruvik
Arild Seilen, 5285 Bruvik
Eliane Flostrand, 5285 Bruvik
Grete Teigland Olsnes, 5285 Bruvik

Varamedlemer:

Magne R. Vikne, 5285 Bruvik
Svein Bruvik, 5285 Bruvik
Tormod Småland, 5285 Bruvik
Kari Bruvik, 5285 Bruvik
Elen Hjelvik, 5285 Bruvik

GJERSTAD:

Svanhild Harvteit, 5282 Lonevåg
Alf Terje Mortensen, 5282 Lonevåg
Kjell Daltveit, 5281 Valestrandsfossen
Agnar Veve, 5281 Valestrandsfossen
Rune Revheim, 5282 Lonevåg
Arne Mæstad, 5282 Lonevåg
Robert Kallekleiv, 5282 Lonevåg
Berit Solberg, 5282 Lonevåg

Varamedlemer:

Gerd Karin Njåstad, 5282 Lonevåg
Ingunn Marie Rød Vesterheim, 5281 Valestrandsfossen
Magnhild Presttun, 5286 Haus
Kirsten Varden, 5282 Lonevåg
Roald Hovden, 5281 Valestrandsfossen

HAUS:

Marit Skjeldal, 5286 Haus
Sigrid Mjelde, 5286 Haus
Nils Lygre, 5286 Haus
Torild Birkeland, 5286 Haus
Reidun Rolland, 5286 Haus
Einar Johnny Selvik, 5286 Haus
Berit Torp, 5286 Haus
Haldis Midtun, 5286 Haus

Varamedlemer:

Gunnar Aarbakke, 5286 Haus
Trond Midtun, 5286 Haus
Vigdis Fossheim, 5286 Haus
Ågot Mjølkeråen, 5286 Haus
Ole Johannes Mjøs, 5286 Haus

HAMRE:

Marte Reigstad Clausen, 5281 Valestrandsfossen
Inge Arve Birkeland, 5281 Valestrandsfossen
Gunnlaug Binningsbø, 5281 Valestrandsfossen
Norvald N. Vedå, 5281 Valestrandsfossen
Lars Eikeland, 5281 Valestrandsfossen
Vigleik Kaland, 5281 Valestrandsfossen
Tone Vatle, 5281 Valestrandsfossen
Wenche Stald, 5281 Valestrandsfossen

Varamedlemer:

Liv Hannisdal, 5281 Valestrandsfossen
Bjørg Mosevoll, 5281 Valestrandsfossen
Ståle Daltveit, 5281 Valestrandsfossen
Liv G. Skår, 5281 Valestrandsfossen
Lis A. Windt, 5281 Valestrandsfossen

HOSANGER:

Aksel Mjøs, 5282 Lonevåg
Gyda Tveiten Lewis, 5282 Lonevåg
Sylvi Ann Hanstvedt, 5283 Fotlandsåvåg
Lillian Bjørsvik, 5283 Fotlandsåvåg
Kari Ekanger Johnsen, 5284 Tyssebotnen
Kjartan Tysse, 5284 Tyssebotnen
Nina Beckstrøm Fjellskålnes, 5282 Lonevåg
Alf R. Kallestein, 5282 Lonevåg

Varamedlemer:

Anne Mari Persen, 5282 Lonevåg
Astrid Ahmer, 5283 Fotlandsåvåg
Gerd Helene Mjøs, 5282 Lonevåg
Torill Bernes, 5283 Fotlandsåvåg
Sally Tysse, 5284 Tyssebotnen

Samling for de nye sokneråda

Når de les dette er no alle dei 5 nye sokneråda som vart valde no i haust, vel etablerte, med leiar, nestleiar, kaserar og representant til kyrkjeleg fellesråd m.v. Av dei 38 faste medlemane som no er valde, er det 27 nyvalde og 11 attvalde. I alder er det også bra blanding av eldre og yngre. Så alt tyder på at dei nye sokneråda vil fungere godt.

Til kvar ny sokerådsperiode arbeider Kyrkjåret ut ei handbok for soknerådsmedlemane, og dei er

no utsende til alle dei faste medlemane og til dei som er 1. varamedlem.

Bispedømekontoret arrangerer også kurs for dei nye sokneråda, og denne gongen er dette for Osterøy i kombinasjon med det årlege fellesmøtet.

Alle medlemane i dei nye sokneråda, inklusive 1. varamedlem, er difor no bedne inn til samling laudag 19. januar kl. 10 - 15, der Bispedømekontoret står

for kursopplegget, men der ein også reknar med at det vert litt tid til felles drøftingar. Det er Hosanger sokn som står som lokal arrangør for samlinga denne gongen, og nærmare orientering om frammøtestad kjem seinare.

Tidlegare har også dei kyrkjelege tilsette vore bedne inn til denne samlinga. Men grunna det særlege kursopplegget for sokneråda denne gongen, legg ein opp til ei eiga samling litt seinare for dei tilsette.

Kjendisbesøk i Haus Kyrkjelydshus

v / Einar J. Selvik

Tirsdag kveld 13. november hadde Haus besøk av Signe Sandberg, kjent fra

Tv -seriene "To hus tett i tett". Som de fleste kanskje vet er hun prest. Hun har tidligere vært sokneprest i Gulen, men for tiden er hun prest i Årstad menighet i Bergen.

Etter Alpha - kurset som Bruvik, Gjerstad og Haus sokneråd i fellesskap arrangerte høsten 2000, har Haus sokneråd arrangert to serier med temakvelder som vi har kalt "Frå Alpha til Beta". Disse temakveldene har medlemmer av

Haus sokn selv făreslått temaer som de var opptatt av, og så har soknerådet fått tak i en person som var villig til å ta utfordringen og lage et kåseri over det valgte temaet.

Temaet Signe Sandberg ble utfordret på var : " Kristne verdiar, kva er det?"

Fru Sandberg tok utfordringen på strak arm og sa seg villig til å komme.

Frammøtet til temakvelden var dobbelt så stort som til de tidligere temakveldene

så det var helt tydelig at forventningene var store blandt medlemmene av kyrkje-lyden. Det ble et interessant foredrag, hun hadde en fantastisk evne til å formulere seg på, og det kom helt tydelig fram etter foredraget da de frammøtte hadde muligheter til å kommentere eller stille spørsmål at foredraget hadde engasjert tilhørerne. Hun synes vi hadde fått et trivelig hus, velegnet til det bruket vi hadde tenkt det for, og hun ville svært gjerne ta turen til Haus igjen en annen gang.

Om rusgifter og gruppepress

-Kva kan dei vaksne gjera for å hjelpe dei unge til å stå imot gruppepresset i høve alkohol og narkotika? Den mest effektive førebyggjinga skjer når vaksne står opp og vågar å vera vaksne.

Om lag slik ordla organisasjonssekretær Trine Haug seg på eit møte i Haus kyrkjelydshus torsdag den 1. nov. Og ho held fram:

- Visst vaksne oppfører seg som ungdomar, vert det så vanskeleg å vera ungdomar. Visst bestemødre kler seg som tenåringer og berre vil høyra på moderne rockemusikk, kva skal ungdomane finna på då? Dei må gå så langt til ytterkantane for å testa grenser. For ungdomar vil testa grenser i høve til vaksne.

Det andre klare poenget ho heldt

fram, var at me må få dei unge til - i alle fall - å utsetja sitt første møte med alkohol. Då vil ein og redusera făren for at dei eksperimenterar med narkotika. For det er påvist ein heilt klår samanheng mellom bruk av alkohol og eksperimentering med narkotika. No er dei unge sin debyalder med alkohol om lag 14 år. Kan ein få heva gjennomsnittsalderen til 16 år, vil sansynlegvis mange færre få problem med narkotika og. Hadde alle vaksne halde seg til at ein ikkje skal selja eller servera alkohol til ungdomar under 18 år som er aldersgrensa for å få kjøpt alkohol her i landet, ville endå meir vore vunne. For her er det snakk om å ha litt livserfaring på baken før ein vert stilte på vanskelege val.

Me vil leggja til at ein kan aldri få nokon garanti for at dei unge unngår å få problem med alkohol og narkotika endå om dei får god

oppfølgjing av vaksne, det har diverse mange ansvarsmedvitne foreldre fått oppleva. Men dei som har fått god oppfølgjing, har fått noko godt med seg som vert til hjelp seinare. Det gjev livet mange døme på.

Trine Haug har arbeidd med utforminga og gjennomføringa av IOGT sitt ungdomsprosjekt «Sterk og Klar». I det prosjektet vert det satsa på å auka foreldreengasjementet i arbeidet med å førebyggja bruk av rusmidlar blant born og unge. Dette prosjektet er i bruk i nokre klassar på Osterøy ungdomsskule. Det var Fitje/Haus fråhaldslag som skipa til møtet i Haus.

Øyvind Vevle

Nytt frå Kyrkjeleg fellesråd: Prestenaustet på Hamre



Naustvølarane fra venstre: Alexander, Marina, Helene, Renate, Kristoffer, Thomas og Tobias.

På Hamre er det no full fart med vøling av prestenaustet. Kristoffer Foldøy er primus motor i eit fruktbart samarbeid mellom Hamre skule, Osterøy museum og Kyrkja. Det er vølinga på kr. 60.000,- frå Hordaland fylkeskommune ved kulturavdelinga til i standsetjing av prestenaustet som no gjer at ein kunne setja i gong restaureringsarbeidet for fullt.

Med Rune Revheim som spesialkonsulent og hjelpar, er ein også sikra at opplegget for arbeidet vert gjort på den rette måten.

Takstolane er no fornya, og sutaket av beste sort al-furu vert montert av entusiastiske elevar frå Hamre skule, under leiing av Krstoffer Foldøy, som verkeleg får syna at han både er skulemann og kulturperson.

Den dagen kyrkjebladet sin redaksjon vitja arbeidsplassen var det eit arbeidslag med 3 gutter frå 6. klassen og 3 jenter frå 7. klassen som tok eit tak. Veret var rett nok

bra, men eit surt vinddrag frå nord gjorde det likevel til ein hustrig jobb å stå i stellingar, og løfta på plass tunge og isete bord. Her var det likevel inga klaging, og fagmessige hammerslag fekk spikrane på rette plassen. Vi syner også til vår blad-kollega Bergens Tidende sin store reportasje frå byggjeplassen den 18.11.01.

Sidan det står att å få pannesteinen

på plass igjen på taket, og ein del ny kledning må nok også til. Vi lovar å halde lesarane orienterte om arbeidet vidare, og vi gler oss allereie til 2. pinsedag neste år: Då kan prestenaustet verta ein el av utstillingsområdet ved opninga av kulturveka, slik at «fjordkulturen» kan få ein enno breiare plass enn tidlegare.



Takk for innsatsen!

Årets tv-aksjon var en invitasjon til det norske folk om å være med på en dugnad for å bekjempe hiv/aids-epidemien. Foreløpig har det resultert i at Kirkens Nødhjelp har fått inn 133 millioner kroner til dette livsviktige arbeidet. Dette ville vi aldri klart å oppnå dersom ikke kirker og menigheter over hele landet hadde engasjert seg så i saken. Jeg vil derfor rette en stor takk til dere for den helhjertede innsatsen dere la ned for denne aksjonen!

Både prester, andre ansatte og menighetsmedlemmer stilte opp: Som bøssebærere, medlemmer av lokale aksjonskomiteer, initiativtakere til ulike arrangementer og aktiviteter, og som pådriverer for å spre informasjon om hva denne epidemien betyr for enkeltmennesket. Det har vært fantastisk å oppleve all den entusiasmen, kreativiteten og giverviljen dere har klart å skape. Gjennom dette har dere også vist at aksjonens motto, Livskraft, var en viktig forutsetning for at vi skulle klare å gjennomføre en vellykket aksjon. For oss som arbeider i Kirkens Nødhjelp - en organisasjon som har norske kirkessamfunn som sine oppdragsgivere - har det dessuten vært spesielt inspirerende å se at menighetene og deres medlemmer så tydelig viser at de har et spesielt eierforhold til vår organisasjon.

Deres innsats har også gitt oss som arbeider i Kirkens Nødhjelp et stort ansvar i forhold til å forvalte pengene riktig slik at de

kommer mest mulig til nytte og når flest mulig. Det skal vi klare. Vi har mange års erfaring både med bistandsarbeid generelt og med hiv/aids-arbeid spesielt. Våre samarbeidspartnere vet mye om hvilke tiltak som er best, og sammen er vi enige om at det ikke nytter bare å satse på ett felt. Vi må både forebygge, gi pleie og omsorg og bekjempe stigmatisering og fordommer. Behovet er enormt, men dere har gitt oss muligheten til å gjøre mye mer enn det vi hittil har hatt kunnet.

Samtidig har dere vært med på å gjøre tilværelsen lettere for hiv-positive i Norge. Kirkens Nødhjelp har i det siste fått en rekke henvendelser fra hiv-positive og deres pårørende. Alle har pekt på hvilken uvurderlig betydning aksjonen har hatt i forhold til å bekjempe fordommer og stigmatisering av dem som er smittet. Også norske hiv-positive har fått merlivskraft gjennom denne aksjonen.

Innsatsen fra norske menigheter gir i tillegg et viktig signal til dem som lever med epidemien i andre land. Når jeg i tiden fremover møter mennesker på landsbygda i Afrika, i Vietnams byer eller i fattigkvarterene i Latin-Amerika, vil jeg fortelle at det finnes mennesker i andre deler av verden som har sett deres livssituasjon, og som bryr seg. I dag er mange millioner berørt av epidemien og dens virkninger på lokalsamfunnet. Fortellingene om engasjementet og menneskene i Norge som ønsker å gå sammen med dem et stykke på veien, kan i seg selv bidra til å gi dem noe av den livskraften de trenger for å leve med sykdommen.

Hiv/aids-epidemien er vår tids største humanitære katastrofe.

Men den er ikke den eneste. I disse dager er det situasjonen i Afghanistan som opptar oss mest, og Kirkens Nødhjelp arbeider på spred for å nå ut med hjelp til det afganske folket. Samtidig må vi ikke glemme dem som stadig vekk sliter med fattigdom og sosiale problemer, men som sjeldent får medias oppmerksamhet. I Kirkens Nødhjelp arbeider vi spesielt med å gi folk mulighetene til å få rent vann og med å bekjempe vold, i tillegg til hiv/aids-arbeidet. Det vil vi også fortsette med i tiden fremover ved siden av det akutte nødhjelpearbeidet.

Atle Sommerfeldt
Generalsekretær Kirkens Nødhjelp

**20 kroner uka
gjør drømmer
til virkelighet!**

**Ring 22 09 27 00
og bli giver i dag**


KIRKENS NØDHJELP
www.kirkensnødhjelp.no

Jolebodet

Stans og høy, urolege vandrar.
Tonar gjennom lufta sviv !
Om av ånd som alt forandrar
for eit fatig jordeliv.

Joleklokker, kim og tona
ring den store gleda ut.
Han er fødd som synda sona
Opna er vår veg til Gud.

Kom med handa, la oss leiast
i den store syskenring.
Himmelbodet ut må spreia
gledesong frå hjarta spring.

Stille ! Høy, du trøytte hjarte :
Klokketonar vidt om jord !
Bod av englerøyster bjarte,
himmelbod med livsens ord.

Kom no alle, la oss syngja
kasta bør og kvart eit band !
Ingenting la ned oss tyngja
Han er fødd, vår Frelsarmann !

La oss syngja lovsongsorda :
Æra vere høgheims Gud.
Glade born kring heile verda,
syng den store gleda ut !

Ragnvald Hidle

